

Årsmelding for 2018

Styret valt på årsmøtet 25.02.18

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Harry Solberg (vald for 2 år)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (ikkje på val)	2: Kristin Walle (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (vald for 2 år)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Håkon Tverdal (ikkje på val)	Valnemnd: Ingebjørg Sekse (leiar), Olav Tveita og Sigrid E. Lerbak

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivar. I 2018 hadde styret 14 møte.

14. mai var styremøtet i Røldal. Med på møtet var Brita Øvregård, Olav Tveita og Oddbjørn Lynghamar. Særlege saker på Røldals-møtet var bruken av nynorsk i næringslivet (turistnæringa) i Røldal og den planlagde mållagsturen til fjellbygda mellom Hardanger, Ryfylke og Telemark.

Medlem i den kommunale språkdeleringsgruppa i Odda Terje Kollbotn har vore med på nokre styremøte. Han har vore med å drøfta korleis me kan få gjennomslag for Odda-modellen som ei nasjonal ordning.

Medlemstalet:

Medlemstalet i 2017 var på 141; dette er ein tilbakegang på 8 frå 2017.

Utsendingar på møte og seminar:

På landsmøtet i Noregs Mållag i Vinje 13.-15.04.18 møtte Harald Jordal, Terje Kollbotn og Knut O. Dale. Liva Thiis var utsending frå Sørfjorden Målungdom, medan Solveig Grønlien representerte Hordaland Mållag på landsmøtet.

På årsmøtet i Hordaland Mållag på Stord deltok Turid Asting Solberg, Harry Solberg og Knut O. Dale. Solveig Grønlien, som er nestleiar i Hordaland Mållag, var òg med på møtet.

Knut O. Dale deltok på haustseminaret til Hordaland Mållag 10.11.18. På dette seminaret møtte òg Solveig Grønlien.

Landsmøtet i Noregs Mållag:

Framfor landsmøtet i Noregs Mållag gjorde Odda Mållag framlegg om at Liva Thiis skulle innleia om språkdelt ungdomsskular (Odda-modellen). Dette framlegget støtta ikkje styret i Noregs Mållag.

Innanfor fristen sende Odda Mållag denne fråsegna til Noregs Mållag. Fråsegna var dermed ein del av dei utsende sakspapira.

Til Regjeringa

Gjeld Innst. 68 S (2016-2017): Språkdelt ungdomsskular.

22.11.16 bad Stortinget Regjeringa leggja fram eit dokument 8 framlegg om språkdelt ungdomsskular. Denne saka er enno ikkje lagd fram for Stortinget. No vert saka handsama i Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet hadde frist på seg til å vera ferdig med sakshandsaminga innan utgangen av 2017. Men så langt har det ikkje kome noka utgreiing frå Utdanningsdirektoratet med tanke på sakshandsaming i Kunnskapsdepartementet og framlegging for Stortinget og vedtak i Stortinget. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner saka – tinginga frå Stortinget – er eitt år på overtid. Landsmøtet bed om at Regjeringa legg saka fram for Stortinget i vårsesjonen 2018 til vedtak.

På landsmøtet vart fråsegna noko omarbeidd og fekk denne ordlyden:

Til Den norske Regjering v/ kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner.

ETTERLYSNING FRÅ LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG OM SPRÅKDELING I UNGDOMSKULEN.

22. november 2016 vedtok Stortinget å be Regjeringa utgreia og leggja fram sak for Stortinget som kan sikra elevar på ungdomstrinnet rett til opplæring på hovudmålet, slik det er lovfesta på barnetrinnet (jfr. Innst. 68 S (2015–2016). Heile Kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen merka seg at regjeringa ville utgreia trongen for og kostnadene ved å innføra ei ordning som tilsvarar Oddamodellen nasjonalt i løpet av våren 2017. Regjeringa har enno ikkje utgreidd saka eller lagt ho fram for Stortinget. På Noregs Mållag sitt landsmøte i Vinje 13. april 2018 kunne heller ikkje statsråd Jan Tore Sanner seia noko om når svaret frå departementet kjem, slik både komiteen og eit samla Storting har bede om. Landsmøtet i Noregs Mållag vil peika på at saka snart er eitt år på overtid. Landsmøtet krev difor at Regjeringa legg denne saka fram for Stortinget snarast råd - seinast i vårsesjonen 2018.

Her tek me med innlegget som Harald Jordal hadde på landsmøtet om ei eiga fråsegn om arbeidet for språkdelt ungdomsskular:

Odda Mållag held oppe den innleverte fråsegna om Språkdelt ungdomsskular også kalla ODDAMODELLEN.

Bakgrunnen er at vi meier det er den saka det brenn mest for og som ligg nærast til å bli realisert.

Fråsegnframlegget bygger direkte på målpolitiske realitetar som landsmøte i Noregs Mållag uttrykte med overordna vedtak både på Gardermoen i 2104 og Bergen 2016.

Etter det har Stortinget kome oss i møte med ei tverrpolitisk tinging til regjeringas i form av eit såkalla Dok. 8 forslag.

Saka ligg for tida i kunnskapsdepartementet og svar vart forutsett frå bestillar i 2017, jf. saksutgreiing frå utdanningskomiteen dagsett 15.11.16 der det står: Komiteen merker seg at regjeringen vil utrede behovet og kostnadene ved å innføre en ordning som tilsvarer Oddamodellen, nasjonalt i løpet av våren 2017.

Politisk vert det i desse dagar etterlyst svar i spørjetimen og ministeren må svara innan ei veke.

Vi vil at Noregs Mållag tek dei overordna vedtaka sine på alvor. Det tyder og at ein må vera fast og stå opp mot trenering og likesæle.

*At Sanner ikkje kan eller vil svara landsmøtet i Noregs Mållag - på direkte spørsmål - **sjølv etter at lovd frist for svar er overskriden med mange månader** i ei sak som er så viktig for nynorsken si framtid i dette landet, er urovekkjande.*

Saka fortener ei eiga fråsegn i form av eit brev til regjeringa med konkrete krav til framdrift og klare svar.

Ei eiga fråsegn er og ei støtte til dei politikarane som har vedteke Stortinget si dok 8 bestilling til regjeringa. Saka står på eigne bein, er dagsaktuell og fortener eiga fråsegn!

Vi tilrår såleis sterkt at fråsegn 6, Oddamodellen vert votert over slik ho er innlevert.

Landsmøtet avviste fråsegna med 68 mot 76 stemmer. Det er verdt å merka seg at eit samla styre og ei samla redaksjonsnemnd var mot å vedta ei eiga fråsegn om Oddamodellen.

Ei sterkt neddempa fråsegn vart innarbeidd i ei fråsegn om ei ny opplæringslov som tidlegast kan ta til å gjelda i 2022. Om Oddamodellen står det:

Retten til språkdelt klassar ut heile grunnskulen Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018. Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasse i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege

Odda Mållag

hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane. Noregs Mållag krev at: • dei språklege rettane til nynorskelevane vert vidareførte og styrkte i den nye opplæringslova • staten tek større ansvar for å sikre at desse rettane vert oppfylte • elevane skal ha rett på språkdelt klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen).

Ved å byggja fråsegna inn i ei fråsegn om den nye opplæringslova signaliserte styret at dette var ei sak som ikkje hasta.

Odda Mållag ved leiaren skreiv lesarinnlegget nedanfor. Det vart trykt i Bergens Tidende 19.04.18:

Held ikkje det han har lova

På landsplan byter halvparten av elevane i den vidaregåande skulen frå nynorsk til bokmål. Slik er det i Hordaland og i Telemark er målbytteprosenten heilt oppe i 65.

Slik er det ikkje i Odda. I Odda har elevane fram til no gått i språkdelt klassar på ungdomssteget slik dei har ein lovfesta rett til på barnsteget. Og ein konsekvens av det er at det nesten ikkje er målbytte i grunnskulen og den vidaregåande skulen i Odda.

14. oktober lova kunnskapsminister Torbjørn Røe Isachsen at han skulle utgreia trongen for og kostnadane «ved å innføre en ordning som tilsvarer Oddamodellen, nasjonalt i løpet av våren 2017». Dette kan me lesa i Innst. 68 S (2016 -2017)

Men dette arbeidet er enno ikkje gjort. 22. november hadde Stortinget ein lengre debatt om saka som samrøystes konkluderte med at Stortinget bad regjeringa utgreie ei endring av opplæringslova paragraf 2-5 og andre mogelege tiltak som kan sikra elevar på ungdomsskulen rett til opplæring på hovudmålet og rett til å høyra til eiga målformgruppe.

Enno har ikkje kunnskapsministeren kome attende til Stortinget med saka, trass i at han 14. oktober 2016 lova å gjera det alt i vårsesjonen 2017.

Odda Mållag er både vonbrotne og oppøste over denne treneringa. Me krev difor at statsråden legg saka fram for Stortinget no i vårsesjonen 2018.

Odda Mållag ved Knut O. Dale, leiar

Odda Mållag kom med denne merknaden til årsmeldinga. Saka gjeld sidemålsstilen og eit brev som styret sende til dei politiske partia i juni 2016:

PROTOKOLLMERKNAD FRÅ STYRET I ODDA MÅLLAG, LAGD FRAM AV KNUT O. DALE:

I juni 2016 sende sentralleiinga i Noregs Mållag ut eit brev til dei politiske partia. Dette var i framkant av partia sitt arbeid med å utforma program for valkampen til stortingsvalet 2017. I brevet stod det m.a. om sidemålsstilen (sidemålsordninga): "Vurderinga må vera gjennom eigen standpunktarakter eller obligatorisk eksamen, eller helst bae deler." I dette brevet gjev leiinga i Noregs Mållag i praksis 12 grønt ljøs for å ta bort den obligatoriske sidemålsseksamen. Dette brevet vart ikkje trekt tilbake trass i at sentralleiinga straks vart gjort merksam på at brevet braut med målpolitikken til Noregs Mållag. Odda Mållag laut senda eige brev til NM for å få det tilviste brevet fjerna frå heimesida til NM og gjera endringar som var i samsvar med gjeldande landsmøtevedtak om sidemålsstilen frå 2013, 2014 og 2016. Odda Mållag uttrykker med denne merknaden sterkt svekka tillit til Jens Kihl og Gro Morken Endresen som i praksis var ansvarlege for det famøse brevet, og seier seg leie for brevet av juni 2016 enno ikkje er trekt tilbake. Odda Mållag ser det slik at ryk sidemålsstilen raknar det for nynorsk som jamstelt, allment og offisielt skriftspråk i Noreg. Difor er og denne saka så viktig.

Protokollmerknaden står på side 12 i møteboka frå landsmøtet.

Brev til styret i Hordaland Mållag om haustseminaret i fylkeslaget:

Strategimøte om framtida for nynorsken.

Møtestad: Gimle. Tidspunkt: laurdag 8. september 2018.

Odda Mållag

Tidsramme: 11.00 til 15:00.

Program for møtet:

Kristian Bringedal: Opningsord.

Oddny Miljeteig: Den viktige sidemålsstilen.

Bjørge Eli Eide: Skulemålsarbeid i Hordaland: situasjonsanalyse (oppsummering) og strategi.

Jorid Saure: Kva har me lært av Fjell-prosjektet?

Erlend Bakke: Om tilhøvet mellom språk og identitet.

Knut O. Dale: Nynorsken sin plass i den vidaregåande skulen.

Magne Aasbrenn: Mållagskrava til den nye skulelova og til den nye opplæringslova.

Ordstyrarar: Ingrid Hovstad og Johannes H. Sekse

Tilskiparar: Noregs Mållag, Hordaland Mållag, Kvinnherad Mållag, Jondal Mållag, Ullensvang Mållag og Odda Mållag.

Mållaga i Kvinnherad, Jondal, Ullensvang og Odda ser striden for nynorsk i Hordaland som kanskje den viktigaste i landet for tida, og ber om at Hordaland og Noregs Mållag er medtilskipar på dette møtet.

26.06.18

Med helsing

Kvinnherad Mållag, Jondal Mållag, Ullensvang Mållag og Odda Mållag

Dette framlegget enda opp med seminaret nedanfor:

Seminar i Gimle 10.11.18, kl.13:00–16:30:

Kva er dei viktigaste målsakene i Hordaland dei neste åra?

Og korleis kan mållaget best bruka kreftene sine på desse?

Dette prøver me å finna svar på.

Programmet:

****Velkommen**

****Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag:**

«Strategiske prioriteringar for Noregs Mållag fram mot 2020»

DISKUSJON

****Erlend Bakke, leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag og leiar i Askøy Mållag:**

«Kva rolle har skulen i utviklinga av språkleg identitet?»

DISKUSJON

****Presentasjon av satsingsarbeid i skulemålsnemnda om nynorsk i fyrste klasse**

INNSPEL OG DISKUSJON

****Mona Stormark, pedagogisk leiar i naturbarnehagen på Fløyen og leiar i Bergen Mållag:**

«Arbeid med nynorsk språkstimulering i barnehagen»

DISKUSJON

Seminaret er eit samarbeid mellom Noregs Mållag, Bergen Mållag, Odda Mållag og Hordaland Mållag.

Brev til styret i Hordaland Mållag om rutinar i fylkeslaget:

Opne innetter – og ikkje så opne utetter.

Me meiner at innkallingar til og referat frå styremøte skal sendast på e-post til lokallagsleiarane.

Me meiner at referata frå styremøta ikkje skal leggjast ut på heimesida til Hordaland Mållag.

Me meiner at referata frå møta i skulemålsnemnda ikkje skal leggjast ut på heimesida til Hordaland Mållag.

Me meiner at årsmøtereferata med vedtak må koma ut – på nettsida og i eigen e-post til lokallagsleiarane – seinast ein måned etter årsmøtet. Viktige dokument som budsjett, arbeidsprogram, fråsegner m.m. vert sende ut/lagde ut på same måten.

Me trur at slike endringar vil auka engasjementet blant målfolk og dermed fremja målarbeidet i Hordaland.

26.06.18

Med helsing

Kvinnherad Mållag, Jondal Mållag, Ullensvang Mållag og Odda Mållag.

Styret i Hordaland Mållag har gjort vedtak om å fylgja opp brevet. Likevel har ikkje referata frå dei tre siste styremøta vorte sende ut til lokallaga.

Møte på Husnes 18.06.18:

Temaet for møtet var nynorsk i næringslivet. Med på møtet var administrerande direktør i Sør-Norge Aluminium AS, Johan Berg, Marit Bakke og Sveinung Grønsdal. Dei to siste kom òg frå Sør-Norge Aluminium AS.

Frå mållaga møtte Johannes H. Sekse (Ullensvang Mållag), Kristian Bringedal (Kvinnherad Mållag), Gaute Lund (Kvinnherad Mållag), Øystein Skjæveland (næringslivansvarleg i Hordaland Mållag), Harald Jordal (Odda Mållag), Knut O. Dale (Odda Mållag) og Solveig Grønlien (Odda Mållag/Hordaland Mållag).

På møtet fekk me høyra om nynorskbruken i denne hjørnesteinsverksemda i Kvinnherad. Sør-Norge Aluminium AS har nynorsk som allment bruksmål. Her skil verksemda seg frå mange andre verksemdar som ligg i nynorskland. I eit slikt perspektiv – vart det sagt på møtet – ville det ha vore gledeleg om Sør-Norge Aluminium AS kunne få næringslivsprisen som Noregs Mållag årleg deler ut.

Magne Aasbrenn i Odda: 19.–20. september 2018:

Onsdag 19.09.:

18:00–19:00: Møte med Odda Mållag

Kristen D. Eitrheim og Knut O. Dale var med på dette møtet.

19:00–21:00: Møte med den utvida språkdjelingsgruppa i Odda

Med på møtet var ordførar Roald Aga Haug, ordførarkandidat for Høgre, Erlend Bolstad, Jarle Vangen frå språkdjelingsgruppa i Odda, pedagogisk konsulent i Odda kommune, Marit Langaas, Solveig Grønlien og Knut O. Dale.

Odda Mållag

Møtet drøfta strategiar for å få politisk gjennomslag for arbeidet med å gjera Odda-modellen allmenn.

Torsdag 20.09.:

08:15–08:25: Fotografering framfor Odda vidaregåande skule saman med ordførar Roald Aga Haug og to elevar

08:30–09:00: Intervju med Radio Folgefonn

09:00–09:10: Helsing til fellesnemnda for Jondal, Ullensvang og Odda (sjå lenger nede)

09:15–09:45: Møte med vaksenopplæringa ved Jon Olav Stadheim

10:00–10:40: Møte med administrasjonen på Odda vidaregåande skule

Med på møtet var assisterande rektor Turid Hauso, administrasjonsleiar Tone Nilsen og elevane Oda Tjoflot og Muriel Folkvord.

Kurs i nynorsk vart på nytt teke opp.

10:45–11:30: Time med elevar på Odda vidaregåande skule

11:30–12:10: Møte med norskseksjonen på Odda vidaregåande skule

12:15–12:45: Møte med administrasjonen på Odda ungdomsskole

Med på møtet var rektor Sven Olaf Brekke og undervisningsinspektør Per Terje Moe. I tillegg var Knut O. Dale med på møtet.

13:00–13:55: Intervju med Hardanger Folkeblad

Helsing til Fellesnemnda for Jondal, Ullensvang og Odda:

Fellesnemnda er gruppa som førebur samanslåing av dei tre herada Jondal, Ullensvang og Odda. Ordførarane i dei tre kommunane er med i nemnda, og talet på medlemer i nemnda er 19.

Her er helsingstalen:

Gode fellesnemnd for nye Ullensvang kommune.

Som leiar for Noregs Mållag er det ei stor glede for meg at lagnaden har lagt det slik til rette at eg kan få gi ei helsing til politikarane som nå er i ferd med å skipe ein ny stor nynorsk kommune i Hardanger. Når to nynorskkommunar slår seg saman med ein nøytral kommune og resultatet blir ein kommune med nynorsk administrasjonsspråk, så er det med på å styrke språkmangfaldet for alle i Noreg. Det eg brukar å seie når eg vil forklare nynorsken for austlendingar, er at nynorsken er fagforeininga og forsikringselskapet til alle dei norske dialektane, og det gjeld også østfoldmålet som eg soknar til.

At nye Ullensvang kommune skal bli administrert på nynorsk høver svært godt med målføra her langs Sørkjorden, og eg er glad for at prosessen mot ny kommune har gått føre seg med eit lågt konfliktnivå også når det gjeld språk. Eg er viss på at mållaga vil støtte og oppmuntre administrasjonen i den nye kommunen. Raudblyanten vil ikkje vere det fyrste målfolket triv til, men sjølv sagt er ikkje alt like godt. Og difor vil det vere viktig at Ullensvang kommune får ein målbruksplan slik som Ullensvang herad alt har.

Eg vil òg nytte høvet til å skryte av politikarar i denne salen fordi dei så tydeleg har støtta opp om ei nasjonal innføring og finansiering av språkdelt ungdomsskule, den såkalla Oddamodellen. Den handlar om at nynorsk og bokmålslevar skal få bli verande i eiga målformgruppe heilt ut til 10. klasse i ungdomsskulen. Når det nye statsbudsjettet blir gjort kjent 8. oktober er det grunn til å håpe på at det omfattar lovending og finansiering av ei slik nyordning – og dette håpet er grunnen til at eg er i Odda desse dagane og har gleda av å treffe politikarar frå fleire sider, skuleelevar, skulefolk og presse.

Eg helsar frå Noregs Mållag og ønskjer all mogleg framgang for nye Ullensvang kommune, - eg er glad for at når 2020 er her, så er dette ein kommune som heilt sikkert kjem godt i mål.

Tilskipingar:

Møte med Jan Inge Sørbo 25.04.18:

Møtet var på Odda bibliotek og var eit samarbeidstiltak med biblioteket. Sørbo presenterte den nye boka han har skrive om nynorske forfattarar. I lang tid frametter vil boka skrive av den kunnskapsrike Volda-professoren vera eit standardverk om nynorsk boksoge. Gro Holm var for han ein ny forfattar som han hadde vorten merksam på og som han har gjeve stort rom i boka.

Vinje-kveld med Magne Skjævesland 23.10.18:

Også dette var eit arrangement i samarbeid med Odda bibliotek.

Kulturkvelden 11.11.18:

Av innhaldet i kulturkvelden kan me nemna: Presentasjon av *Odda i manns minne*. Overrekking av målprisen for 2017 til Helga Mannsåker. Foredrag om språk av Helga Mannsåker. Tevling med historiske spørsmål, laga av Harry Solberg og Håkon Tverdal. Vidare på programmet stod bokutlodding og sal av *Odda i manns minne*. Allsong med Vidar Børve på pianokrakken. Nærare 50 hadde funne vegen til Ungdomshallen. Tilskipinga var eit samarbeidstiltak med Odda Ungdomslag.

Tur til Røldal 19.08.18:

Turen var planlagd saman med arkitektane Susanne Urban og Sondof Rabbe.

Me fekk omvising på Kalvatræet Litteraturhus og Røldal bygdemuseum på Hauge. Vidare tok Sondof Rabbe oss med til funkisbustadane i Krokenteig og kraftstasjonen i Lynghamrane. Bustadane i Krokenteig og kraftstasjonsbygningen er teikna av den kjende arkitekten Geir Grung.

Etter eit godt måltid på Skysstasjonen gjekk me vidare til den restaurerte løa på Seim.

På litteraturhuset orienterte Gunvor Øvregård, på museet på Hauge var Marit Sandal og Margit Gjörv med oss, og på Seim fortalde Dagny Erdal Seim om den gamle løa på garden. Og vêret var godt med opphald og passeleg temperatur. Alle let vel om turen. Talet på deltakarar var 23.

Framlegg om Harry Solberg som heidersmedlem i Noregs Mållag:

Odda Mållag

Framlegg om ny heidersmedlem i Noregs Mållag: Harry Solberg

Noregs Mållag ved styret

Harry Solberg er ein av nytenkjarane, drivkreftene og ein av dei trugne og trottige slitarane i målrørsla i den siste femtiårsperioden. Solberg er kjenneteikna ved å vera ei oppkome av gode idear, ved å ha stor arbeidskapasitet, ved å ha eit sterkt pågangsmot og ved å ha ei sikker evne til å motivera andre i mållagsarbeidet. I den lange perioden Harry Solberg har vore med i mållagsarbeidet i Odda, har nynorsk vorte målforma til fleirtalet av elevane i Odda-skulen – etter at bokmålet hadde dominert i dei føregåande femti åra. På sin overtydande og ueigennyttig måte har Harry Solberg lagt ned eit arbeid få andre kan visa til innanfor Noregs Mållag. Det er slike folk som fører målarbeidet frametter.

Sidan 1967, med eitt avbrot på fem-seks år medan han var busett i Kinsarvik i fyrste del av 70-talet, har Harry Solberg vore med i styret til Odda Mållag. Han er såleis framleis aktiv med i styrearbeidet. I tre bolkar har han òg vore leiar i laget, frå 1976 til 1981, frå 1983 til 1988 og frå 2002 til 2011. Harry Solberg vart heiderlagsmedlem i Odda Mållag i 2002 og fekk Målprisen i 1996.

Harry Solberg har vore drivkrafta attom utgjevinga av det lokalhistoriske skriftet Odda i manns minne, som i haust kom ut med nummer 26. Kwart nummer av skriftet har eit opplag på 1100–1300 eksemplar og er stort sett på 160–170 sider. Odda i manns minne har vore eit tiltak som har fremja nynorsken og nynorsken si sak i industrisamfunnet Odda. Dette har medverka til at Odda kommune frå 01.01.2020 vert ein del av ein nynorsk storkommune kring Folgefonna. Namnet på den nye kommunen vert Ullensvang kommune med Odda som administrasjonsstad. Vedtaket om å ha nynorsk som administrasjonsmål, vart gjort utan noka form for protest frå innbyggjarar eller politikarar i Odda.

Odda Mållag

Solberg er ikkje berre motoren i arbeidet, men og leiar for skriftstyret og den som leverer flest artiklar, han organiserer også salet. Noko som m.a. inneber at han set opp dugnadslister for sal (berre i år er over 40 personar involverte i salet), leverer det som skal seljast og hentar det som er att når salsdagen er omme. Odda i manns minne kan og tingast på nettstaden til Odda Mållag, og det er Harry Solberg som syter for å pakka og senda bøkene. I dette arbeidet og i anna mållagsarbeid, har han heile tida hatt ei solid hjelp frå og støtte i kona si, Turid Asting Solberg.

Inntektene frå salet av Odda i manns minne har sikra Odda Mållag ein sær samsleg og god økonomi frå siste del av 70-talet. Odda Mållag har òg gjeve ut fleire bøker, m.a. «Oddingar har skrive», som Harry Solberg tok initiativ til og redigerte i 2006. Vidare har Odda Mållag og kunna gi ut «Vandring i gammal og ny tid» som er det kulturhistoriske «standardverket» for Odda kommune, inkludert Røldal, basert på alle gate-, veg- og gardsnamn i kommunen. Boka vart førd i pennen av Norvald Vethe, men det var ein solid eigenkapital som gjorde det mogeleg å gjeva ut boka.

Vi kan òg ta med at Harry Solberg var krumtappen i nemnda som førebudde og gjennomførde landsmøtet i Noregs Mållag i Odda i 1987. Dessutan har han tallause gonger vore engasjert utsending til landsmøta i Noregs Mållag.

Harry Solberg har arbeidd i skulen fleire stader, men lengst i Odda kommune. Samla tenestetid er 43 år. I to år var han rektor ved ein ungdomsskule i Gjøvik, og i fleire år var han rådgjevar og konsulent ved skulekontoret i Odda. Frå 1979 og til han pensjonerte seg i 2002, var han rektor ved Tyssedal barneskole.

Harry Solberg har heile livet drive med og har hatt ei brei interesse for idrett. Han har òg hatt mange tillitsverv i Odda Idrettslag og er heiderlagsmedlem i idrettslaget. Frå 2012 har Harry Solberg vore engasjert i arbeidet med å få til eit idrettsmuseum i Odda. I denne samanheng har han vore med og laga ei utstilling. Solberg tok initiativ til at all tekst skulle vera på nynorsk.

I 2002 fekk Harry Solberg Odda kommune sin kulturpris.

Ein gong tala Harry Solberg om «den sosiale lette» - m.a.o. det lyftet me opplever av å koma saman. Det har vore ei stor glede å samarbeida med Harry. I alle si gjerd og ferd er han omgjengeleg, men alltid målretta. Tallause er dei kulturkveldar og samkomer som er borne fram av Harry.

Med bakgrunn i det som er gjort greie for ovanfor, gjer Odda Mållag framlegg om at Harry Solberg vert heidersmedlem i Noregs Mållag.

Odda 11.12.17

Beste helsing

for styret i Odda Mållag

Knut O. Dale

Odda Mållag fekk ikkje gjennomslag i styret for Noregs Mållag for dette framlegget.

20.12.18: Påskjøning til Hardanger Folkeblad:

For aukande nynorskprosent i Hardanger Folkeblad fekk dei tilsette i Hardanger Folkeblad kaker og eplesaft frå mållaga i Sørfjorden.



På bildet ser me Solveig Grønlien og Johannes H. Sekse saman med redaktør i Hardanger Folkeblad, Eivind Dahle Sjøstad .

Vervetiltak:

9. november hadde Odda Mållag ei større lysing i Hardanger Folkeblad. Sju unge mållagskvinner oppmoda folk om å melda seg inn i mållaget. Desse var Ingebjørg Eitrheim Nondal, Gry Folkvord, Åse Røgenes, Astrid Alfredsen, Eirun Flaten Sandvin, Kristin Walle og Liva Thiis.



**VI ER MED
I MÅLLAGET**

Kanskje du og skal tenkja på å melda deg inn?

Vi synest alle at det er flott at mållaget arbeider aktivt for språkdelling på ungdomskulen.

Strålende om du og melder deg inn i mållaget!

Medlemskap for 2017 og 2018 kostar 200 kr.
Send NYNORSK til 2490 (SMS-melding),
e-post til nm@nm.no eller ring 230 02 930.

Namna på kvinnene frå venstre er: Gry Folkvord,
Åse Røgenes, Eirunn Flaten Sandvin, Liva Thiis,
Kristin Walle, Astri Alfredsen og Ingebjørg Nondal.

Målprisen 2017:

Helga Mannsåker fekk målprisen for 2017 med denne grunningjevinga:

Det er Odda Mållag som på årsmøtet tildeler denne prisen.

Helga Mannsåker er mellom dei som har argumentert sterkast og mest overtydande for Odda-modellen, som sikrar ein språkdelt ungdomsskule.

På eit ope møte i Odda Mållag 06.11.13 talte ho for modellen. Vidare innleidde ho på haustseminaret til Noregs Mållag i Odda 27.09.14. Likeins argumenterte ho, på valmøta i Bergen høvesvis 18.08.15 og 22.08.17, klart og overtydande – og med engasjement – for Oddamodellen.

Alt som gymnasiast i Odda merkte Helga Mannsåker seg ut som ein framifrå skribent. Det ho skreiv, var reflektert, substansrikt og velforma, og det hadde ei heilt uvanleg uttrykkskraft. På bakgrunn av dette var det inga overrasking at ho i 1995 fekk Opedalprisen som beste nynorskelev ved Odda vidaregåande skule. I ein parentes kan me ta med at Norvald Vethe, den kunnskapsrike og vidsynte pedagogen, var norsklæraren hennar på Odda vidaregåande skule. Same året skreiv ho òg ein av dei tre beste nynorskstilane i Noreg til eksamen i studieretning for allmennfag. For dette fekk ho ei påskjøning frå Fridthov Oos' legat.

Etter u-landsstudium i Kristiansand og sjukepleiarutdanning i Bergen fullførte ho i 2010 mastergrad i nordisk, der emnet var bruken av metaforar i samband med psykiske lidingar.

Helga Mannsåker har undervist ved Universitetet i Bergen sidan 2011, og hausten 2017 forsvarte ho doktoravhandlinga Schizofrene symptom og splitta sinn. Kritiske metonymi- og metaforanalyser av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni i skandinaviske lærebøker i psykiatri.

Helga Mannsåker har i alle år vore ein medviten og reflektert nynorskbrukar. Med sitt venlege, varsame og vinnande vesen er ho i dag mellom dei fremste nynorskambassadørane i landet vårt. Me er stolte av at ho kjem frå Odda og at ho er medlem i Odda Mållag.

I Odda Mållag er me glade for å ha funne ein så verdig prisvinnar. Prisen er trykkt «Bokstavflygarar» av Solfrid Aksnes.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Eirunn Flaten Sandvin fekk Mållagsprisen for dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule. Prisen er på 2500 kr. Radio Folgefonn fekk ei løyving på 8 000,-kr.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1050 bøker, og så godt som heile opplaget er utselt. Harry Solberg la ned eit stort arbeid med organiseringa av salet. Og elles er det han som er primus motor attom utgjevinga av boka; med innsamling av stoff, biletstoff, redigering m.m.

Odda Mållag på Røldalsmarknaden 22.-24. juni:

Solveig Grønlien var til stades og selde nynorskbøker og nynorskeffektar frå båsen til Odda Mållag. Med sitt gode, blide og vinnande vesen fremja ho målsaka i møte med marknadsfolket.

Nynorskprosenten i Odda-skulane:

Denne er på 65 %.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

Odda Mållag

Etterord:

I intensjonsavtalen mellom Ullensvang herad, Jondal kommune og Odda kommune vert det slege fast at administrasjonsmålet i Ullensvang kommune skal vera nynorsk. For mållaga i dei tre kommunane var dette eit viktig vedtak.

Elles markerte Odda Mållag seg klart og tydeleg på landsmøtet i Noregs Mållag: Dei to sakene me sette på dagsorden, var sidemålsstilen og språkdelt ungdomsskular. I begge sakene meiner me leiinga i Noregs Mållag har sendt ut uklare signal.

19. august var Odda Mållag på tur til Røldal. Det var ein gjevande tur. Til neste år planlegg me ein tur til Svartdal-Hjartdal i Telemark.

På nytt vil me takka Harry Solberg og skriftstyret for *Odda i manns minne* for eit storarbeid med utgjeving av den 27. utgåva av den omtykte boka med lokalhistorisk innhald.

Odda 21.01.19

Styret i Odda Mållag